

Samfunnshuset Haugatun
Postboks 92
5150 Lindås

Årsmelding frå styret i Haugatun 2019

Huset har siste året vore nytta til kulturelle arrangement, til fleire arrangement med servering og arrangement der leigetakarar ordnar det meste sjølv.

Økonomien i huset er stabil, i kluturmdlar fekk me tildelt kr. 52.500.- basar kr. 46.000.- dugnad for CCB kr. 10.000.- LUL, husleige kr. 61.500.-

Eldsjeler i Haugatun har 1 gong invitert til fest i regi av Haugatuns Venner. Dette er arrangement som mange ynskjer at det skal fortsetjast med. Etter sist arrangemnet har Haugatuns Venner kjøpt inn nye bord til småsalen.

Rydding i nøkkelsystem er ikkje ferdig enno.

EL-tavle på sena er no lukka og godkjend. Der er fjerna mykje gamle kablar som ikkje lenger var i bruk, og der er montert opp ein del nye leidningar og kontaktar. Skada og defekte stikkontaktar er bytta ut med nye. I kjellaren er der gjort ein tidkrevjande jobb med å finna ut kva kursar som er i bruk, og kva kursar som ikkje vert nytta. Unytta kursar er merka med lås på sikringar i EL-tavla. Straum til styrerom og barakke er godkjend.

Haugatun har fått gjort ferdig eit rom i barakka for oppbevaring av sine ting og som lager for verktøy v/dugnad.

Taket over vestibylen er ikkje reparert enno, dette vert gjort fram på våren.

Styret